

# SPRÅK *nytt*

UTGITT AV NORSK SPRÅKRÅD

30. årgang 3-4/2002



## Førestellingar om språket

Typisk 50-talshus! Slik kan vi kommentere bygningar når vi passerer. Ser vi på bilete, kan vi ut frå klesdrakta ofte plassere dei til næraste tiåret. Forskjellane er lett synlege, og verda har forandra seg.

Eit bandopptak av ein prat på 1950-talet trong ikkje avsløre noko typisk – utanom samtaleemnet kanskje. Språket er konservativt. For språkforskaren som skal prøve å slå fast noko om større generelle endringar, er 50 år ein svært kort tidbolk. Men opplevingane som kvar enkelt av oss har, kan vere annleis. Språket er jo ein klagemur.

Går vi frå lydarkivet til avisarkivet for å leite etter tidsbilete, ser vi nok lettare forskjellar. Men her òg er det typisk at det er ikkje språkendingane som slår oss; det slåande er endringa i moten for avisoppsettet. Nedover i spaltene anar vi nok at ikkje så mange hadde *byrja* å skrive *begynne* på nynorsk for 50 år sia, og færre hadde *røynsle* med *erfaring*. I *Dagbladet* les ein i dag om *uka*, og *Aftenposten* har slutta med *nu*, *efter* og truleg også å *befordre* passasjerar. *Det brukte språket* har tydeleg gått i retning av sams norsk, sjølv om ideologien har vore prega av noko anna. Prosaen har fått meir preg av det munnlege kvar-

dagsspråket, og det har styrt både sjangerform, stil og bokstaverering – uavhengig av retorikken.

I kulturen vår er språk viktig, og dermed er det også viktig å skape førestellingar om språk og å repetere mytar om språket. I Språkrådet får vi ofte høre om den ustabile *norma*, og ikkje få klagar over at «så mye er forandra sia vi gjekk på skolen». Men etter 1959 har lite skjedd som har hatt særlege praktiske konsekvensar. Den siste store endringa var i 1938, som er utafor horisonten for dei fleste nordmenn i dag. I bokmålet kom ei politisk «reversering» i 1981, men heller ikkje den tvinga folk til å leggje om språkvanane sine. Vi har hatt eit halvt hundreår med stor stabilitet i skriftnormene. Besteforeldra våre opplevde noko anna.

Å dokumentere den nære språkhistoria kan vere nyttig for å kunne overprøve mytane og å avsløre dei eller oss som lagar og formidlar ideologiar. Språkhistorisk kunnskap kan hjelpe oss til å reflektere over korleis vi bruker språket som kultur og ideologi.



### INNHALD 3-4 / 2002

- |                                      |                               |
|--------------------------------------|-------------------------------|
| 1 Utviklinga i bokmål 1950–2000      | 30 Valfridomen i nynorsk      |
| 6 Utviklinga i nynorsk 1950–2000     | 36 På godt norsk              |
| 10 Norsk tale i to generasjonar      | 37 Tankar om betre bibelspråk |
| 14 Engelske lånord i norsk 1950–2000 | 41 Frå polis til pilis        |
| 18 Å snakke «bredt» og «fint»        | 46 Nyord                      |
| 22 Dialektutjamning i Salten         | 47 Du spør – vi svarer        |
| 26 Særskriving av sammensatte ord    |                               |

# Utviklinga i bokmål 1950–2000

---

KJELL IVAR VANNEBO

---

**V**I VET AT SPRÅK FORANDRER SEG, men er det mulig å snakke om forandringer i løpet av en periode på bare femti år? Svaret er avhengig av hva slags forandringer vi snakker om. Det skjer neppe gjennomgående strukturelle forandringer på så kort tid, men både når det gjelder ordforråd, rettskriving og språkbruk, kan språket forandre seg slik at vi med en gang kan merke at en tekst fra begynnelsen eller midten av 1900-tallet er annerledes enn en tekst fra omkring år 2000. Brukes f.eks. ordet *aeroplan* i en tekst, vil teksten med stor sannsynlighet skrive seg fra tidlig på 1900-tallet da de første flyene kom til Norge. Ganske snart ble den norske oversettelsen *flyve-* eller *flygemaskin* tatt i bruk, og den var ennå brukt omkring 1950, men allerede i første halvdel av hundreåret var også kortformen *fly* i bruk, og den ble etter hvert helt dominerende. Og med endringer i familiestrukturen har vi også fått endringer i ordforrådet. Ord som *en sambo*, *et partnerskap*, *en helgepappa*, *en samværsrett* er kommet inn i språket i de siste tiåra av 1900-tallet (jf. Ruth Vatvedt Fjelds artikkel i *Språknytt* 2–97). Stilidealene har også endret seg og da gjerne slik at skriftspråket er blitt mer talemålsnært og mer preget av privatsfærens språk. Det er i dag fullt mulig å skrive like

talemålsnært på bokmål som på nynorsk. Men både i bokmål og nynorsk har nok uttrykksmåten ofte endret seg. Einar Lundeby sier at utviklinga av språkbruken i siste halvdel av det forrige århundret har vært preget av to ulike tendenser: «en tendens i retning av mer humanitet, skånsomhet, nærhet og intimitet og en motsatt tendens til brutalitet og hensynsløshet. Det har vært tett sammenheng mellom samfunnsutvikling og språkutvikling; vi har hatt samme polarisering i samfunnet generelt» (Lundeby 1995: 44).

## Endringer i den fastsatte normen

Innenfor den offisielle rettskrivinga har det skjedd en rekke forandringer fra midten til slutten av 1900-tallet. Disse forandringene er det gjort greie for i detalj i en artikkel i *Språknytt* 1–97 av Boye Wangenstein, så jeg skal her bare nevne noen hovedtrekk ved utviklinga. Den offisielle rettskrivinga som gjaldt i 1950, var fastsatt gjennom rettskrivingsreformen fra 1938. Denne reformen var basert på en videre tilnærming mellom bokmål og nynorsk samtidig som en ifølge mandatet også skulle skjære ned på antallet valgfrie former. 1938-reformen var et radikalt forsøk på å skape større samsvar mellom bokmål og nynorsk samtidig som

grunnlaget for normeringa av bokmålet ble endret fra å bygge på språkbruken til de toneangivende klassene i samfunnet til i større utstrekning å bygge på talemålet til folk flest. Reduksjonen av antallet valgfrie former ble det lite av. Ved den neste reformen – *Læreboknormalen av 1959* – ble imidlertid tallet på valgfrie bokmålsformer i lærebøkene noe redusert. Men gjennom hele 50-, 60- og til dels 70-tallet var det stor strid om bokmålsnormen og om selve grunnlaget for normeringa av bokmålet. Det som først og fremst kjennetegnet situasjonen, var motsetningen mellom en offisiell bokmålsnormal og en konkurrerende, ikke-offisiell riksmålsnormal. Den siste har hatt sin vesentlige styrke i at den er blitt brukt av flere av de større avisene, av den kulørte pressa, av en rekke bedrifter og av enkeltpersoner. Dette har ført til at vi har fått en kløft mellom en fastsatt offisiell norm på den ene siden og en utbredt bruksnorm på den andre siden. *Norsk språkråd*, som utarbeidde den neste reformen i 1981, forsøkte å bygge bru over denne kløfta ved å gi grønt lys for en rekke riksmålsformer i den offisielle bokmålsnormalen. En rekke tradisjonelle ordformer ble jamstilt med hovedformene i 1959-normalen, bl.a. flere som ikke hadde vært tillatt etter 1938. I rettskrivinga ble det gjennomgående valgfrihet mellom *-a* og *-en* i bestemt form entall i hunkjønn, mens antallet hunkjønnord med obligatorisk *-a* ble redusert i læreboknormalen. Videre ble *-ene* (med enkelte unntak) valgfri ending ved siden av *-a* i bestemt form flertall av intetkjønnsord både i rettskrivinga og i læreboknor-

malen. Prinsipielt sett innebar 1981-reformen, som gjerne omtales som «liberaliseringsvedtaket», en klar reversering av tilnærmingspolitikken.

Reformen fra 1981 er fortsatt gjeldende rettskriving, men etter 1981 er flere lite brukte sideformer, som gjerne svarer med nynorsk, tatt ut av bokmålsnormalen, mens flere tradisjonelle (riksmåls)former er tatt inn. Etter årsmøtet i Språkrådet i 2000 ble ei omfattende liste med rettskrivingssaker for perioden 1996–99 sendt over til Kulturdepartementet. Her ble det for bokmålet vedkommende foreslått å oppheve systemet med sideformer, noe som innebærer at skillet mellom en trang og en vid norm, eller mellom «læreboknormalen» og «rettskrivinga» (i alle fall inntil videre) blir opphevet. Det innebærerer bl.a. full likestilling av endingene *-a/-en* i bestemt form entall av hunkjønnord og av *-a/-ene* i bestemt form flertall av intetkjønnsord. Videre går Språkrådet inn for å fjerne enkelte tidligere sideformer fra rettskrivinga, både ordformer som *dauv*, *haust*, *korfor*, *åffer*, *lauk* osv. og systemet med «kløyvd infinitiv», som var innført som en tilnærming til nynorsk i 1938. Flere av vedtakene kan altså ses som en videreføring av den påbegynte reverseringa i 1981. At tilnærminga mellom bokmål og nynorsk ikke lenger er aktuell språkpolitikk, blir for øvrig klart fastslått både i St.meld. nr. 13 (fra regjeringa Bondevik I, 1997–98) og i St.meld. nr. 9 (fra regjeringa Bondevik II, 2001–02). Et endelig vedtak om en ny rettskrivingsreform i bokmålet vil imidlertid først foreligge etter Språkrådets årsmøte i 2003. (For en mer utførlig framstilling jf. Vannebo 2002a og 2002b.)

### Endringer i den operative (faktiske) normen

Endringer i rettskrivinga er resultat av bevisst språkplanlegging enten dette skjer i offentlig eller i privat regi. I begge tilfeller dreier det seg om at en eller annen normeringsinstans fastsetter regler eller normer for hvordan språket skal skrives. Det samla settet av normer som bestemmer hvordan en språkvarietet skal skrives, omtales som en *normal*. Således kan vi snakke om en bokmålsnormal og en nynorsknormal, som begge er offisielle skriftspråksnormaler gjennom at de er fastsatt av Stortinget, og om riksmålsnormalen, som er autorisert av Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur. Det er fullt mulig å snakke om ei utvikling eller – kanskje bedre – ei endring av disse normalene slik vi har gjort når det gjelder bokmålsnormalen ovenfor. Likevel tenker vi med språkutvikling eller språkendring kanskje ikke først og fremst på fastsatte endringer, men derimot på endringer som har sitt opphav i at språket ganske enkelt forandrer seg uten noe påviselig inngrep fra en eller annen normeringsinstans. Språket omkring år 2000 kan være forskjellig fra språket omkring 1950 fordi det har utviklet seg delvis andre normer i språksamfunnet enn de som gjaldt for bare fem–ti år siden. Slike normer kan vi – i samsvar med Dyvik 2002 – omtale som operative normer, og disse skiller seg da fra de fastsatte rettskrivingsnormene som vi omtalte ovenfor.

Under arbeidet med Norsk referansegrammatikk på 1990-tallet registrerte vi en del slike endringer i bokmålet selv om målet med grammatikken

ikke var å gi en diakron beskrivelse. Som materiale for beskrivelsen hadde vi bl.a. autentiske tekster fra 1945 til 1995, og i dette materialet observerte vi bl.a. følgende endringer:

- Omskrivninger med *sin* for å uttrykke eieforhold eller tilhørighet (= possessivomskrivninger) har i løpet av de siste tiåra kommet inn i bokmålet for fullt. Eksempler: *folk sitt ve og vel* (Aftenposten 1979), *Khomeiny sin tale* (Aftenposten 1980). Denne uttrykksmåten med såkalt «garpegenitiv» var for noen generasjoner siden først og fremst vanlig i kystdistriktene i Vest- og Nord-Norge, men den er nå også blitt vanlig i talemålet på Østlandet, og dermed er den også kommet inn i skriftspråket.
- Preteritumsformer som *brøyt, frøys, føyk, skøyt* forekommer i seinere tid ofte i skrift, selv om de til nå ikke har vært tillatt i den offisielle bokmålsnormalen. Disse formene er vanlige i mange bymål, og språkbrukere som har disse formene som del av sitt naturlige talemål (operativ norm), vil gjerne også bruke dem i skrift. Hos Dag Solstad forekommer bl.a. følgende eksempler: *De diskuterte så fillene føyk, Jorun reiste straks krigen brøyt ut, Faren skøyo på han*. I Språkrådets framlegg til rettskrivingsendringer for perioden 1996–99 blir det for øvrig foreslått at *-øy-* skal tillates i slike verb slik at vi får *brøt/brøyt, frøs/frøys, skjøt/skøyt* osv. i preteritum, mens de tidligere formene med *-au-* (*braut, fraus, fauk, skaut*) faller ut. En ønsker altså å få

et best mulig samsvar mellom den operative og den fastsatte normen.

- Perfektum partisipp på *-i* av sterke verb som *drekki, finni, frysi, gripi* osv. Disse formene inngår ikke i den gjeldende bokmålsnormalen, men de dukker opp ikke så rent sjelden i det nyere skriftspråkmaterialet. Tove Nilsen skriver f.eks.: *at hun hørte fryktelige skrik inne fra leiligheten som om noen blei stikki med kniv*. Tilsvarende former finner vi bl.a. også hos Dag Solstad, og vi har til og med registrert enkelte eksempler i *Aftenposten*: *Det er godt jugi hele veien* (*Aftenposten* 1995). Og i Karin Fossums siste kriminalroman, *Svarte sekunder* (2002), er det *i*-former hos en av de yngre personene (*Men de har visst finni sykkelen hennes*), mens den offisielle formen (*funnet*) blir brukt i replikkene til de eldre personene i romanen og i den autorale framstillinga.

I alle disse tilfellene dreier det seg om former som står sterkt eller sprer seg i talemålet på Østlandet. Og med bakgrunn i den befolkningsmessige konsentrasjonen og områdets sentrale stilling for øvrig er det grunn til å vente at vi her står overfor former som vil vinne mer og mer innpass i norsk skriftspråk.

En annen utvikling av semantisk-syntaktisk art har vi i bruken av verb som *krympe, lekke, ryke; knuse*. I de siste tiåra av 1900-tallet var det en økende tendens til å bruke de tre første verba også transitivt: *Begge jobbet ved siden av for å krympe studiegjelda* (*Glåmdalen* 1989), *Nå skal alle lekke ut opplysninger*

(*Dagbladet* 1994), *Lunde Hansen røk korsbåndet i kneet for et knapt ett år siden* (*Dagbladet* 1992, sic) og det siste også intransitivt: *– jeg hørte noe som knuste rett ved siden av meg* (Harald Rosenløw Eeg 2000). Vi har jo hatt andre verb som kunne brukes både transitivt og intransitivt tidligere (f.eks. *begynne, drukne, tørke, velte*), men det nye er altså at denne bruken nå forekommer ved flere verb der dette tidligere ikke var mulig. Særlig synes det å være en tendens til at en del intransitive verb får kausativ (av lat. *causa* = 'årsak') – og dermed transitiv – betydning. Dette er neppe bare ei særutvikling innenfor bokmålet, men av de eksemplene vi registrerte under arbeidet med referansegrammatikken, var ingen på nynorsk. Ved de såkalte «parverba» i norsk, der vi opphavlig har et system med sterk bøyning i intransitiv bruk og svak bøyning i transitiv bruk (f.eks. *henge, knekke, skvette, slenge* osv.), har det også vært en økende tendens til at verba blir brukt om hverandre både med svak og sterk bøyning: *Hun hengt/hang bildet på veggen, Stormen knekte/knakk trærne. Han slengte/slang boka på bordet*. Særlig synes sterk bøyning i transitiv bruk å bli mer og mer vanlig.

Flere nyutviklinger synes i dag å ha utspring i ungdomsspråket. Det gjelder f.eks. bruken av ord som *bare* og *liksom*, som har fått nye funksjoner som diskursmarkører (markører av emnemessige grenser i en tekst), bl.a. som markører av overgang til direkte tale: *Hu' bare: – dansa du med Petter!?* De nye bruksmåtene utvikles først i uformelt samtalspråk, men derfra kommer de også lett inn i skriftspråket. Dette er imidlertid en utvikling

som ikke bare er begrenset til bokmålet, vi finner den også i andre nordiske språk. Og både i vårt land og i mange andre land fins det, som Ulla-Britt Kotsinas sier, «många tecken på att ungdomars nyskapelser spelar en inte obetydlig roll i språkförändringsprocessen» (Kotsinas 1994: 169).

### Den framtidige utviklinga

Som andre språk utvikler altså bokmålet seg i samsvar med de operative normene som til enhver tid eksisterer i språksamfunnet. Den framtidige utviklinga vil sikkert også skje i et samspill mellom nye operative og fastsatte normer. I talemålet synes det gradvis å foregå ei utvikling i retning av et mer østlandsprega folkemål. Enkelte trekk ved dette folkemålet har, som vi har sett, kommet inn i bokmålet – dels gjennom nye fastsatte normer og dels som resultat av utbredte operative normer. Men samtidig har det i løpet av de to siste decenniene skjedd en konsolidering av en mer moderat eller konservativ skriftspråksnorm. Spørsmålet om bokmålet framtidige utvikling vil være avhengig av om det kommer til å skje en fortsatt konsolidering med grunnlag i den etablerte skriftspråksnormen, eller om en velger en skriftspråksnorm som er mer åpen i den forstand at den også tillater flere såkalte «radikale» eller «folkelige» talemålsformer. Hvordan utviklinga endelig blir, avhenger i høy grad av språkbrukerne selv og av at det eksisterer skrivemiljøer der både de «folkelige» formene og andre nyutviklede former blir akseptert, og at de ikke blir stemplet som avvikende eller stigmatiserte former.

### Litteratur

Dyvik, Helge 2002:  
Offisiell og ikke-offisiell språknormering – nyttig eller skadelig motsetning?  
Kommer i *Rapport fra Nordisk språkkonferanse. Krefter og motkrefter i språknormeringa*, Kristiansand 21.–23. februar 2002.

Kotsinas, Ulla-Britt 1994:  
*Ungdomsspråk*. Ord och Stil.  
Språkvårdssamfundets skrifter 25. Uppsala:  
Hallgren & Fallgren  
Studieförlag AB.

Lundeby, Einar 1995:  
Intimisering og brutalisering.  
I *Maal og Minne*, hefte 1–2, s. 35–44.

Vannebo, Kjell Ivar 2002a:  
Om endring av rettskrivinga i bokmål.  
I *Språknytt* 2.

Vannebo, Kjell Ivar 2002b:  
Om rettskrivinga i bokmål – en rapport fra normeringsfronten.  
Kommer i *Rapport fra Nordisk språkkonferanse. Krefter og motkrefter i språknormeringa*, Kristiansand 21.–23. februar 2002.

Vatvedt Fjeld, Ruth 1997:  
Utviklingstendenser i norsk språkbruk 1972–1997.  
I *Språknytt* 2.

Wangenstein, Boye 1997:  
Utviklingen av bokmålet fra 1938 til i dag.  
I *Språknytt* 1.

# Utviklinga i nynorsk 1950–2000

---

LARS S. VIKØR

---

**N**YNORSK HADDE I 1950 ein turbulent periode bak seg med to rettskrivingsreformer som langt på veg flytta normgrunnlaget for språket, og ein årelang og opprivande strid om desse reformene. Denne striden var ikkje over i 1950, men den retninga som ønskte å byggje språket på former som var i fleirtal, i staden for dei historisk eldste formene, hadde fått overtaket. Striden heldt likevel fram til ca. 1960 og blussa sporadisk opp att seinare.

Den som les ei nynorsk sakprosa-tekst frå 1950, vil nok helst bli slått av kor *lite* som er endra sidan den tid – slike tekster kunne nesten heilt ut vore skrivne i dag og i høgda verka «moderat tradisjonelle» i forma. Det «store hamskiftet» i nynorsken skjedde mellom 1920 og 1950. Dei viktigaste endringane etter 1950, unnateke nokre stavemåtar, er at den stilistiske spennvidda er blitt større, rammene har vida seg ut. Men også stilnormene har vore gjennom langsame endringar, ikkje bråe omskifte. Skilnaden er større ulike nynorskvariantar imellom både i 1950-åra og i dag enn mellom «typisk 1950-nynorsk» og «typisk 2002-nynorsk».

## Rettskrivingsendringar

Den største rettskrivingsreforma etter 1950 er den nye læreboknormalen, som kom i 1959. Den førte til større

valfridom, og tilnærminga til bokmålet vart ført eit steg vidare. I formverket var dei viktigaste endringane at endringa *-e*, som hadde vore sideform både i infinitiv og i supinum av sterke verb, no fekk jamstilt hovudformstatus ved sida av *-a* respektive *-i* (*vera - vere* og *vore - vori*; tidlegare hadde det vore *vera [vere]* og *vori [vore]*). Viktig var det òg at *e*-verb der rota endar på *-r*, no fekk obligatorisk *-te* i preteritum mot tidlegare *-de*: *førte, styrte* i staden for *førde, styrde*. (Men i 1986 vart formene med *-de* jamstilte att.)

I lydverket var dei viktigaste endringane at mange ord med *-ø-* no vart «forfremma» til hovudformstatus (*bølgje [bylgje]*, *først - fyrst* osv.; tidlegare *bylgje [bølgje]*, *fyrst [først]*), at ord med *-æ-* fekk nye hovudformer på *-e-*: *gjete [gjæte]*, *seter [sæter]* osv., og at ord med enkel *-m-* no fekk *-mm-* som hovudform (*gammal, hammar, sommar* – mens *gamal, hamar, sumar* vart degraderte til sideformer). Endeleg var det mange endringar i tilsvarande lei som gjaldt mindre ordgrupper eller enkeltstående ord (som *mye, skole* og *søndag*, som vart jamstilte med *mykje, skule* og *sundag*).

Etter 1959 har Språkrådet gjort fleire meir avgrensa endringar. Den viktigaste av dei var at frå 1982 vart det tillate å ikkje bøye perfektum partisipp, slik at ein no kan skrive *han er spurt, dei er*

*kjent* – mens det før var obligatorisk med *han er spurd, dei er kjende*. Det enklare systemet har rett nok berre sideformstatus.

### Endringar i bruken

Granskingane av utviklinga i faktisk nynorsk språkbruk ser ut til å stadfeste det inntrykket ein kan ha hatt når ein har følgd utviklinga som lesar og brukar, nemleg at dei fleste endringane frå 1959 er følgde opp i praksis og er blitt dominerande. Det gjeld særleg dei formene og formgruppene som er blitt einerådande i læreboknormalen, altså einaste hovudformer. Der det er valfridom i læreboknormalen, ser det ut til at dei tradisjonelle formene oftast har fått førerangen, med eitt viktig unntak: I infinitiv var truleg endinga *-a* (*kasta*) dominerande fram til om lag 1960, men deretter overtok endinga *-e* (*kaste*) og vart etter kvart den dominerande forma, jamvel om normalen likestiller *-a* og *-e*. Denne endringa kan ha komme av at mange følte at *e*-endinga var meir landsgyldig og allmennorsk, mens *a*-endinga delvis fekk eit stempel som «tradisjonell», delvis som typisk for det sørvestlandske amålsområdet. Der har *a*-infinitiven halde seg godt, og han blir også brukt for å markere eit tradisjonelt (men ikkje svært tradisjonelt) nynorsk. I supinum av sterke verb dominerte *-i* (*skrivi*) i femtiåra, i alle fall i sakprosaen, men etter 1960 vann *-e* (*skrive*) terreng att. Former som *kommi* og *skrivi* har no mest status som språkpolitiske markeringsformer, særleg for søraustlendingar.

Tida etter 1970 var prega av sterk interesse for dialektane og ein viss

reaksjon mot einsretta språkbruk. Derfor kom det i målpolitiske krinsar opp ein tendens til å tilpasse nynorsken til ulike talemål, i alle fall gjekk ideologien ut på det. Men det ser likevel ut til at mesteparten av bruken i praksis har nærma seg ei slags nøytral «midtnorm», som vi finn hos store nynorske tekstprodusentar som Samlaget og Dag og Tid. Regionalt har det vore noko større opning for dialektnære former, men jamvel der verkar det som om ei «midtnorm» når meir og meir ut. Samtidig finst det miljø der dei medvite dyrkar særlege versjonar av nynorsk, ikkje minst tradisjonalistiske variantar som peikar tilbake til 1917-rettskrivinga. Vi kan såleis seie at nynorsken i dag finst i ei prototypisk form som blir oppfatta som ganske nøytral eller umarkert, og i ulike markerte versjonar som knyter seg til regionar og til språkideologiar.

### Ordtilfanget – normeringa

Spørsmålet om gode og dårlege ord i nynorsk var ikkje så sentralt i 1950 som det vart seinare, sjølv om det var klare oppfatningar om dette. Ord med opphav i dansk og tysk og utbreiing i bokmål vart rekna som indikasjonar på dårleg språkmeistring, og det var stort sett semje om det mellom dei ulike fløyene i rettskrivingsstriden. Likevel var det ei stadig gliding der tradisjonelle nynorskord fekk stempelet «puristiske» mens bokmålsord som tidlegare var avviste, vart meir godkjende (typen *dempe*, *flykte*, *skjebne*, *smerte*, *stoff*, *støv*). Under ordsiftet om læreboknormalen 1959 tok Norsk språknemnd opp dette og gjekk inn for ei varsam tilpassing til eit meir liberalt

språksyn. Vi fekk ei dobbel utvikling:

Rettskrivingsordlistene for nynorsk tok frå utgåve til utgåve opp nye ord som redaktøren vurderte som tilstrekkeleg «nøytraliserte», samtidig som ordlistene stadig meir fekk autoritet som normerande også når det gjaldt kva ord det var «lov» å bruke. Dette auka usikkerheita for dei som skulle skrive språket, for det var ingen andre kriterium for «lovleg» og «forbode» enn om ordet stod i ordlistene eller ikkje.

Spørsmålet om ein skulle opne for ein friare ordbruk når det gjaldt ord målføra hadde felles med bokmål, men ikkje med nynorsktradisjonen, eksplo-derte i ein kraftig strid tidleg i åttiåra. Da sette Språkrådet ned eit utval som la fram meir liberale retningsliner på dette området, men framleis var det slik at Språkrådet skulle ha kontroll med ordutvalet i dei godkjende ordlistene. Nye ord måtte derfor vedtakast eitt for eitt av fagnemnda i Språkrådet for å få komme inn i ordlister. På nitti-talet blussa striden opp att, og enda med at Språkrådet endra syn. I 1999 vart det vedteke nokre retningsliner som skulle gi klarare grenser for kva typar ord som ikkje skulle takast opp i ordlistene, og opna for at alle ord som ikkje vart råka av desse kriteria, skulle kunne takast inn. No skulle alt vere til-late som ikkje var forbode, mens det tidlegare hadde vore slik at det som ikkje var tillate (teke opp i ordlistene) skulle vere «forbode» (dvs. reknast som «feil» i nynorsk).

### Ordtilfanget – bruken

Det er vanskeleg å seie noko sikkert om utviklinga av ordbruken i nynorsk; det er smått med vitskaplege

jamførande studiar. Ein måte å «måle» utviklinga på er å lese eldre tekster og freiste å leggje merke til skilnadene. Sjølv sagt vil vi da finne allmenne skilnader som kjem av sjølve samfunnsutviklinga: Språket er fornya med store mengder ord som hører til nye kultur-former som vi i dag er fortrulege med, mens gamle kulturord har gått ut eller er blitt gammaldagse. Desse nye orda er berre unntaksvis danna i nynorsken, dei er i nesten alle tilfelle importerte, mest frå utanfor landegrensene og formidla gjennom bokmål.

Ser vi på det særnynorske ordtilfanget, har no mykje av det fått statusen «tradisjonelt» (ord som *brennhug, brigde, dugleik, gaman, sutlaus*). Slike ord blir gjerne nytta av bevisste språkbrukarar som signal på at dei er nett opp det og står på tradisjonsnynorskens grunn. Men mange slike ord har òg glide inn i det vi kan kalle det allmenne nynorske ordtilfanget, trass i at dei kan vere lite brukte i dialektane (ord som *døme, framlegg, høve, lagnad, skilnad*). Det finst stilistiske normer som tilseier kva slags ord som er akseptable i nynorsk, og kva som er bokmålismar. For enkeltord er det ofte vanskeleg å dra desse grenselinene, men ein del ord som *spise, kun, heslig, hustru, skjebne* blir nok framleis opplevde som sitatord frå bokmål. I prinsippet er det lettare å avgrense seg mot ord med visse prefiks og suffiks, det somme kallar «anbehetelse»-ord, dvs. ord som begynner på *an-* og *be-* og sluttar på *-heit* og *-else*. Etter kvart som desse ordelementa er blitt godtekne i stadig fleire ord, verkar dei ikkje lenger så fremmende, og *an-* og særleg *be-* har vel glide nokså godt inn

i språket. Det er derimot truleg rett å seie at berre nokre få ord på *-heit* og særleg *-else* er allment aksepterte i bruken hittil trass i at normeringa har opna for dei.

Truleg vil vi framleis ha ein prototypisk nynorsk med eit visst standardordtilfang der nyare bokmålsnære ord berre gradvis og langsamt slepp inn,

dessutan særlege variantar som er meir liberale på éin kant, og meir restriktive og tradisjonalistiske variantar på ein annan kant. Nynorsken lever i krysspresset mellom bokmålspåverknad og ein normtradisjon som yter motstand mot denne påverknaden, og i dette spenningsfeltet held han fram med å leve.

---

## Slutt på tilnæringslinja i rettskrivingspolitikken

I Ot.prp. nr. 95 (2001–2002), som vart lagd fram 14. juni, gjer regjeringa framlegg om å oppheva den såkalla tilnæringsparagrafen i lov om Norsk språkråd.

Tilnærming mellom nynorsk og bokmål «på norsk folkemåls grunn» var opphavleg eit uttalt mål i offisiell norsk rettskrivingspolitikk. Tanken var å smelta dei to målformene saman til eit felles norsk skriftspråk. Denne såkalla samnorskpolitikken vekte etter kvart stor strid, og gjennom skipinga av Norsk språkråd i 1971 vart det slutt på den aktive tilnæringslinja.

Men tanken om eit felles norsk skriftspråk ein gong i framtida vart

ikkje oppgitt. Norsk språkråd skulle framleis støtta opp under utviklingstendensar som på lengre sikt fører målformene nærmare saman. Dette har ikkje gitt seg nemnande utslag i den faktiske rettskrivingsutviklinga dei seinare tiåra. På viktige punkt har målformene snarare fjerna seg frå kvarandre. I ei stortingsmelding frå 1997 vart også tanken om eit framtidig felles skriftspråk lagd bort.

Den lovendinga som no blir foreslått, vil setja eit endeleg punktum for den omstridde tilnæringspolitikken, skriv Kultur- og kyrkjedepartementet i ei pressemelding.

# Norsk tale i to generasjonar

---

HELGE SANDØY

---

**L**KLAGESPALTENE I AVISER kan ein få det Linntrykket at det skjer mange omkalfatringar i norsk talemål, og at tilstanden for dialektane er kritisk. Dette kan diskuteras, men kanskje det ikkje er underleg at folk blir urolige når dei oppdagar at det som ligg dei så nær, ikkje er heilt som før? På avgrensa plass skal vi her prøve å dra nokre allmenne linjer i utviklinga som har skjedd gjennom nesten to generasjonar.

Det er vanskeleg å peike på språkdrag som slettes ikkje fanst alt for 50 år sia. Når ungdomen no sluttar å skilje mellom *de* og *dåkke*, er ikkje det nytt. *Dåkke må komme* har det vore sagt lenge før vår tid; det som skjer no, er at dette draget spreier seg. Endatil *Eg ska komme te du* fanst før krigen; det nye er at det spreier seg så fort at det held på og blir eit særdrag for austegdane. Og i Narvik blei det sagt *de karlle varnne* i staden for *de kallje vannje* alt før siste verdskrigen, nytt er det at folk har begynt å bruke «halvtjukk» *l* og *n* for palatal *l* og *n* i byar lenger nord òg.

Den språklege «farsotta» i dag er at ungdomar seier *sjino* for *kino*. Første «kasusa» med dette fenomenet var kanskje fødde i Bergen i 1964. Det er mogleg Oslo greier å slå dette tidspunktet, men vi finn førebels neppe femtiåringar som ikkje skil mellom *kj* og *sj*. Men dei kjem snart, og dette

fenomenet spreier seg raskt utover landet. Om 250 år har kanskje all norsk gått over til å seie *sjino*. Ja, 250 år. Og kanskje. Vi ser det nemleg av andre språkendingar at så lang tid må det ta før språket over heile landet har gjennomført eit nytt drag. Ofte stoppar det før det går så langt, og da får vi ei ny dialektgrense. Ved Hamarøy ligg nordgrensa for tjukk *l*; der stoppa den farsotta sørfrå for kanskje 500 år sia. Slike stabile grenser kan vi få på nytt; og gamle grenser kan begynne å flytte seg. Det er dette mye av talemåsendringane går ut på. Og 50 år – eller for den del eit menneskeliv – er litt snauvt til å gi perspektiv.

## Endringane i språket

Ordforrådet forandrar seg fortare enn resten av språket. Vi legg også godt merke til nyorda som kjem, mens gamle forsvinn uformert ut i stilla. Nye glitrande ord kjem kvart år, f.eks. er *rukola* og ei mengd andre matord lett synlege frå dei siste åra. Men at ord som *kaun* for 'byll' er nesten forsvunne, er vanskelegare å registrere. I slang er ordsirkulasjonen særleg stor. *Spenn* for 'kroner' er alt blitt gammalslang, og *bols* med same betydning er direkte utgammalt.

Grammatikken derimot er konservativ. Tradisjonelle dialektkart som

mange av oss har sett i lærebøker, er oftast laga på grunnlag av informantar som lærte å snakke på slutten av 1800-talet. Men framleis gjeld dei – i alle fall for det meste. Mindre retusjerings trengst, f.eks. ser det ut til at etterkrigs-generasjonane i Fjordane og på Sunnmøre meir og meir har kvitta seg med uttalar som *mannj* ('mann') og *vållj* ('voll'), og dermed har dei flytta ei gammal grense nordover. I Salten kan vi snart viske ut eit område som hadde *o*-ending i svake hokjønnsord, for *dannj damo* er blitt til *dannj dama*. Og skarre-r-grensa har ete seg mange kilometer oppover i Nordhordland.

Endringane i talemålet i dag er prega av regionalisering, som vil seie at det skjer ei dialektutjamning mellom lokalsamfunna innafor ein større region. Dialektforskjellar som var knytte til ei bygd eller ein by, forsvinn til fordel for felles drag. I Nordland forsvinn substantivformer som *ei dam* (dvs. 'ei dame') i område der slike drastiske «halvhoggingar» var mest gjennomførte, men så blir infinitivar som *å springe* avkorta til *å spring* i eit større område enn før. Altså kompromiss innafor regionen.

I slike utjamningsprosessar er det ein tendens til at enkle grammatiske løysingar sigrar over dei meir innvikla. I Trondheim skilde ein før f.eks. mellom *-e* og *-a* i fleirtal: *alle marken* og *alle visan*. Siste tiåra har det gått fort i retning av *-an* i alle ord, og dette spreier seg etter kvart til eit større område.

Lengst i retning av å utvikle eit felles regionspråk har det sentrale Austlandet komme. Der har ein fått det som ofte blir omtalt som 'standard-austlandsk', og som er så einsleta at

ein knapt hører om ein person er frå Kongsberg eller Kongsvinger. Denne fellesdialekten har nok mest drag frå dei folkelege bymåla, aller mest frå Oslo. Det heiter f.eks. *brøyt* der ein før sa *braut*, *kasta* der ein før sa *kaste* i fortid, *vi'kke* for *vill itte*, *såver* for *søv*, *sykkærn* for *sykkel'n* osv. Eit herleg kompromiss, altså. Men som ein kollega har sagt det: «Udanna østnorsk» har overtaket. Så vi lever i interessante tider!

På indre Austlandet og i austlandsdalane har ikkje utviklinga gått så langt. Men i gamle stasjonsbyar og i nye sentrum har det utvikla seg enkla-var med sterke standardaustlandske innslag. Interessant er det å sjå at i blandingsmålet som utviklar seg slike stader, dukkar same draga opp. Fleirtal bestemt form på *-an* får overtaket både i Ringebu og i Nes i Hallingdal, slik at det heiter *alle visan* i det yngre sentrumsmålet. Det skjer nok utan at dei to stadene påverkar kvarandre. Det kan vi lese om i ei par år gammal bok om *Austlandsmål* (redigert av Turid Kleiva o.a., Oslo 1999).

Forenkling i substantivbøyinga er ei tydeleg endring. I ytre Agder tek *-e* over som einaste fleirtalsending i ubestemt form, i midtre Agder er det *-a* som sigrar, slik som tendensen er i Trøndelag og i Nord-Noreg – igjen truleg utan gjensidig påverknad. På Sør-Vestlandet er hokjønnsendinga frå bestemt form fleirtal på full veg inn i inkjekjønn, slik at gamle former som *adle eplo* eller *adle eplæ* blir bytt ut med *adle eplena*. På dette vesle grammatiske området har mye skjedd på 50 år.

Hardast har nok «tidens tann» gått ut over dei gamle «riksmålsdialektane», det som òg gjerne er kalla 'høg-

are talemål' i byane. Vi finn ingen i etterkrigsgenerasjonen i Bergen som seier *någen, efter* eller *nu*. Det som før var «vulgære» former, har sigra. I Stavanger har sosietetspronomenet *je* ('eg') problem med å overleve, osv. På Frogner i Oslo er det også blitt mye mindre av dei lyse a-ane (i f.eks. *gAte*); *piker* må vike for *jenter* og *lesse* 'på' (med trykk på siste ordet) blir bytt med det tidlegare vulgære 'lesse-på'. I ein del byar har det høgare talemålet eigentleg døydd stille ut. Men samtidig har gatespråket òg teke opp nye drag. *Alle hesta* vik for *alle hestene* i Oslo, og i Bergen har *klær* ('klede') stort sett sigra over *kler* hos dei unge. Dei nye bymåla har måtta kompromisse ein del. Ønskjer ein å summere opp dei 50 åra, kan ein altså peike på tendensen til både regional og sosial utjamning.

### Endringane i storsamfunnet

Dei språklege omleggingane vi skimtar, kjem ikkje av seg sjølve. Den sosiale utjamninga har skjedd ikkje berre i språket. På diskoteket møtest ungdommar med ulik sosial bakgrunn, og bygdeungdommar forstår ikkje eingong det at fedrane (ev. bestefedrane) på 1950-talet tok på seg slips når dei skulle til byen. «By og land hand i hand» er i dag blitt for sjølv sagt til at det kunne ha fungert som politisk slagord.

Språket er som ein spegel av kulturlivet, og den kulturelle aksjonsradiusen vår har forandra seg. Bydelar og enkeltbygder er i mye mindre grad kulturelle einingar i dag. Ein reiser på tvers av slike grenser kvar dag for å arbeide, for å drive med akrobatikk på rullebrettet etter skoletid eller møte kameratar på dans i helgane. Kon-

taktflatene har forandra seg, og identitetsoppfatningane er annleis – da følger språket med. Spesielt talemålet uttrykkjer nettopp det spontane, kven vi ønskjer å identifisere oss med.

Samfunnsomleggingane og politikken etter verdskrigen har gitt nye vilkår for språkendingane. Lett synlege er dei store kommunesamanslåingane på 1960-talet, fordi mye av samfunnsorganiseringa da gjorde det naturleg å basere seg på større einingar. Skoleverket var eitt slikt område, og nettopp det nye skolesystemet med interkommunale realskolar og etter kvart sentrale ungdomsskolar og vidaregåande skolar har vore ein katalysator for språkendingane. Her møtest jo alle ungdomane og utviklar ein fellesskap med jamaldringar frå mange bygder og bydelar. Slikt må få språklege følgjer.

I Kommune-Noreg voks det opp nye sentrum som sopp i regnvêr. Dei livnærte seg på dei nye sentralskolane og kommuneadministrasjonane med mange nye etatar og kommunalt heiltidstilsette. Dette er ein viktig del av urbaniseringa av samfunnet. Fiskaren som var bygningsrådsformann og oppsøkte byggjeplassen hos naboen på kveldstid, opplevde fellesskapen annleis enn ein moderne teknisk sjef med store arkivskåp og teiknebrett. Livssituasjonen blei annleis for mange, og miljøa blei prega av nye ambisjonar og nye sosiale band. Det gjer òg at språket i dei nye sentruma har kunna utvikle nye drag, og tilflyttinga har forsterka det. Urbanisering med sosial og geografisk mobilitet er altså eit stikkord for å forstå at vilkåra er nye for språkendingstendensane.

Eit anna ytre vilkår er den heilt nye livssituasjonen ungdomane har fått siste 50 åra. Tidlegare var det vanleg å gå ut i arbeid etter ein var ferdig med folkeskolen eller eventuelt framhaldsskolen. Frå ungdomane var 14–15 år, var dei før del av vaksensamfunnet. Denne tidlege arbeidsfellesskapen var sjølvstendig viktig for identifikasjonsrammene. I dag går kanskje dei fleste ikkje inn i arbeidsfellesskapar før dei er godt over tjue år, og da har dei hatt ei lang ungdomstid skjerma frå vaksensamfunnet. Vi har dermed fått ein eigen ungdomskultur, og den har endra det sosiale samfunnet gjennomgripande. Vaksensamfunnet er ikkje på same måten idealet som før, og det må jo få følgjer.

Vi kan nok seie at det mest interessante spørsmålet er: Korfor forandrar ikkje språket seg meir enn det gjer?

### **Oss menneske imellom**

Eit bandopptak frå 1950-talet av ein kvardagssamtale treng ikkje gi oss noka overrasking i dag. Endringane er allment sett ikkje store. Men dersom vi ser f.eks. intervju frå den første fjernsynstida, altså 1960-talet, slår det oss med ein gong at her er noko blitt annleis: Folk brukte *De* til kvarandre, og skrifta var førebiletet for både spørsmål og svar slik at alt verkar stivt og fjernt – for oss.

Stilforskjellane er svært omlagde, og 1970-talet var på sin måte ein revo-

lusjon på grunn av det somme har kalla dialektfrigjerdinga. Mange fleire fann det da naturleg og mogleg å bruke dialekt-en sin overalt. I foredrag, i radio og fjernsyn, på talarstolen i Stortinget og i preika. Også direktørar kan i dag snakke dialekt – men søraustlendingar må nok passe seg meir enn andre, likevel. Største endringane i norsk talemål siste halve hundreåret er denne omlegginga i bruken av dialektar. Dei er nok større enn forandringane i sjølve talemålsgrammatikken – om det er råd å samanlikne slikt.

Årsakene til denne omlegginga i språkklimaet kan vere mange. Somme håper kanskje at dette er ein siger for dei nedvurderte i samfunnet. Men ei anna årsak kan vere at næringslivet i dag med masseproduksjon og masse-sal må appellere til folk på ein annan måte. Det uformelle og direkte har fått ein ny funksjon. Den utbreidde 'avslappa språktonen' er nemleg ikkje ei utvikling berre her til lands, sjølv om ho språkleg sett har fått sterkare utslag her enn mange andre stader.

Men heller ikkje ei dialektbølgje kan vare evig. Ho var nok over på 1990-talet, og vi kan skimte nye tendensar. Dialektlojaliteten er neppe den same som for tjue år sia, men samtidig er regionaliseringsbølgja kraftig. Tendensane er såleis ikkje eintydige. Resultatet ser vi betre når tida kjem meir på avstand.

# Engelske lånord i norsk 1950–2000

---

ANNE LINE GRAEDLER

---

**I**PERIODEN LIKE FØR andre verdenskrig samlet og beskrev engelskfilologen Aasta Stene ca. 530 engelske lånord som da var i bruk i norsk (*English Loan-words in Modern Norwegian*, Oxford University Press og Johan Grundt Tanum Forlag). I forbindelse med publiseringen av avhandlingen i 1945 sier hun i forordet at boka er et dokument over en forgangen tid, og at hun i siste minutt hadde fangst inn avslutningsfasen i en lang utvikling rett før store endringer fant sted. Ganske dramatisk proklamerer hun at «The field is now new» – fagfeltet framstår som nytt.

Etterkrigstida i Norge har vært preget av en sterk innflytelse fra anglo-amerikansk kultur på de fleste områder, f.eks. politikk og økonomi, vitenskapelige og tekniske nyvinninger, idrett, populærkultur, livsstil og reklame – noe som også har satt sine spor i språket.


## «The field is now new»

Det fins ingen undersøkelser av engelske lånord i norsk som tar for seg situasjonen omkring 1950. Stenes materiale, som antakelig er nokså utfyllende, var på dette tidspunktet drøyt 10 år gammelt, og noen jamførbar undersøkelse kom ikke før på begynnelsen av 1960-tallet. Da ble det skrevet 5 norske hovedoppgaver og en engelsk MA-

oppgave om engelske lånord i norske aviser, flere av dem med Stenes avhandling som forbilde og modell. Først på 1980-tallet kom nye undersøkelser hvor den engelske innflytelsen ble tatt opp: rapporter om oljenorsk, og nyord- og slangordbøker, alle med innslag og omtale av engelske lånord. Men det er ikke før i siste tiår av århundret at forskningen på området virkelig har skutt fart, med prosjektet «Engelsk i norsk språk og samfunn» som startet opp i 1990 (se Johansson og Graedler, *Rocka, hipt og snacksy. Om engelsk i norsk språk og samfunn*. Høyskoleforlaget. 2002), kampanjene til Norsk språkråd på 90-tallet, og det pågående prosjektet «Importord i Norden» i regi av Nordisk språkråd. I forbindelse med førstnevnte prosjekt er det blant annet skrevet et par hovedoppgaver med diakrone undersøkelser; de vil bli omtalt nedenfor.

## Omfang og økning av antall lånord

Det er ingen grunn til å tvile på at innslaget fra engelsk har økt i omfang de siste 50 åra. *Anglismeordboka*, som ble publisert i 1997 (Universitetsforlaget, red. Anne-Line Graedler og Stig Johansson), har over 4000 oppslagsord – ca. 7,5 ganger så mange som Aasta Stene. Men mangelen på sammenliknbare undersøkelser gjør det vanskelig å beregne hvor stor økningen har vært.



Figur 1. Økning i engelske ord i Berulfsen og Gundersens fremmedordbøker, 1953–2000

Berulfsen og Gundersens fremmedordbøker har imidlertid kommet i nye, reviderte og utvidede utgaver gjennom hele det aktuelle tidsrommet, 16 ganger mellom 1940 og 2000. Selv om ordsamlingen i slike bøker ofte preges av en del fagterminologi, inneholder de også mange allmenne ord med utenlandsk opphav. Figur 1 viser hvordan ordmengden har økt i utvalgte utgaver av Berulfsen og Gundersen fra 1953 til 2000 (1953, 6. utgave; 1965, 9. utgave; 1974, 13. utgave; 1986, 15. utgave; 2000, 16. utgave; bare den første tredjedel av hver bok er gjennomgått).

Ikke bare det absolutte antallet, men også andelen engelske ord i hver bok økte i dette tidsrommet, fra ca. 6,5 % i 1953-utgaven til nærmere 9 % i 2000-utgaven. Til sammenlikning kan nevnes at engelske ord i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* utgjør henholdsvis ca. 10 % og 12 % av ord med utenlandsk opphav.


En av hovedoppgavene i tilknytning til «Engelsk i norsk språk og samfunn»

(Grethe Grønli, *The Influence of English on Norwegian Advertising*, 1990) inneholder en sammenlikning av annonsene i en uke av morgenutgaven av *Aftenposten* fra 1969 og tilsvarende uke i 1989. Materialet er begrenset, men viste blant annet at antallet engelske lånord var 14 ganger større i 1989 enn i 1969, og hvis vi tar hensyn til økningen i det totale annonsevolumet, som var seks ganger større i 1989 enn i 1969, representerer dette en fordobling av det engelske innslaget i løpet av 20-årsperioden.

#### Fagområder

Figur 2 viser de engelske lånordene fra Berulfsen og Gundersens fremmedordbøker fordelt på fag- eller emneområder (områder med få ord er slått sammen i kategorien «annet»).

Selv om forskjellene ikke er dramatiske, ser vi at det skjer visse endringer i fordelingen mellom de ulike gruppene. Kategoriene «klær og mote» og «musikk og dans» har begge økt en del siden 1953-utgaven. Flere av ho-



Figur 2. Andel ord fordelt på emneområder i Berulfsen og Gundersens fremmedord-bøker, 1953–2000 (rekkefølgen av feltene i søylene tilsvarer rekkefølgen i forklaringen til høyre for diagrammet)

vedoppgavene fra 60-tallet nevner at en stor andel av de nye ordene er kommet gjennom underholdningsindustrien. Ord og uttrykk med tilknytning til særlig ungdommens forbruk og kultur har stått for en viktig del av lånordene i 50-årsperioden (se figur 3).

Utover i perioden er det også kommet inn mange ord som er mer generelt knyttet til en ny livsstil hvor fritidsaktiviteter er et viktig element, f.eks. *cruise, after skiing, caravan, aerobics, filo-*

*fax, clubbing, bad taste-party.*

Andelen ord og uttrykk fra «mat og nytelsesmiddel» og «sjøfart» i figur 2 har minket litt. Det samme gjelder andelen ord som bare brukes om forhold i engelsktalende land, de såkalte «eksotika».

Andelen ord i kategorien «sport» er nokså stabil gjennom hele perioden. Her kan vi supplere med resultatene fra Nils Kobberstads hovedoppgave fra 1999, som undersøker fotballspråk-

	50-TALLET	60-TALLET	70-TALLET	80-TALLET	90-TALLET
<b>MUSIKK</b>	<i>rock'n roll, band, blues</i>	<i>hit, hitliste, twist</i>	<i>disco, cover, punk</i>	<i>hip hop, CD, breakdance</i>	<i>grunge/grønsj, dance</i>
<b>KLÆR OG MOTE</b>	<i>jeans, duffelcoat</i>	<i>crush-lakk, miniskjørt, hotpants</i>	<i>denim, boots, collegegenser</i>	<i>stonewashed, cityshorts, wet-look</i>	<i>sagge, clubwear</i>
<b>MAT OG DRIKKE</b>	<i>Coca Cola, hot dog, grille</i>	<i>broiler, dip</i>	<i>burger, fastfood</i>	<i>brownie, (hot) shot</i>	<i>bagel, donut, sub(marine)</i>

Figur 3. Ord og uttrykk med tilknytning til ungdomskultur

ket i avisene i tre tidsperioder: måneden juni 1938, 1968 og 1998 («The Influence of English on Norwegian in the Football Columns of Two Norwegian Newspapers: A Synchronic and Diachronic Study»). Ifølge denne oppgaven har antallet lånord økt betraktelig siden 1938, og andelen engelske ord i løpende tekst i 1998 ligger på 19,2 pr. 1000 ord.

Når endringar i skriftnormalane anten har ført til større valfridom eller redusert han, har den viktigaste grunngevinga oftast vore omsynet til norskopp-læringa i skulen. Den særnorske ordninga med hovud- og klammeformer har vore eit kompromiss mellom dei ulike vurderingane av valfridom. Elevane har vorte skjerma mot å møte altfor mange skriftbilete i lærebøkene. Ei form ein har sett mange gonger før, lettar lesinga. Mange vil påstå at dette er ei idell ordning for eit ungt menneske i den første lese- og skrivefasen. Samstundes har den vide rettskrivinga i årevis vore tilgjengeleg for elevane når dei sjølve skriv, og for vanlege språkbrukarar elles. Men materialet Wetås (2001) har gått igjennom, syner at somme tykkjer formmangfaldet er for stort. I staden for at det opnar for bruk av individuelle og talemålsprega former, kjem det fram to tydelege tendensar for korleis folk opplever normer: Den eine er at valfridomen i den nynorske rettskrivinga ikkje blir utnytta, ikkje ein gong der slike former ville spegla dialekten betre enn hovudformene. Grunnen er såleis ikkje at ny-

norsken ikkje er dialekt nær nok. Og det vanlegaste argumentet for nynorsk ved skulemålsrøystingar i utsette nynorskkrrinsar, nemleg at nynorsken er det skriftmålet som passar best til talemålet på staden, får lite å seia i praksis, kanskje fordi lærarane ikkje formidlar innsikt i denne fridomen. Den andre tendensen er at brukarane er usikre på kva som er «tillate», og kva som er «forbode» i nynorsk. Uvissa om rett og gale blir vidare ein grunn som folk gjev opp for å skifta til bokmål som hovudmål. Mange ser det som ein mangel ved nynorsk at han ikkje er etablert som eit fasttømra skriftspråk. Jamvel om den offisielle valfridomen er like stor i bokmål, blir han ofte ikkje opplevd slik.

På den andre sida kan det vera ynskjeleg som skribent å få utnytta valfridomen i bøyingsformer og alternative skrivemåtar, der ein kan få fram ulike stillag, eventuelt signalisera språkpolitisk ståstad. Undersøkingar viser at dei som er mest positive til valfridomen, er profesjonelle språkbrukarar. Forfattarar ser det som eit høve til å utvikla ein personleg og særprega stil utan å gå ut over norma. Også andre språkmedvitne folk kan ynskja å utvikla sin personlege stil, eller å dyrka dialekten gjennom skriftspråket. For mange er valet av språkformer eit ynske om å visa regional tilknytning, ei markering av tilhøyrse til staden der ein voks opp, eller eit ynske om å markera opposisjon til «det etablerte». Studiar med sosiologisk innfallsvinkel viser at nynorskbrukarar jamt over har andre kulturelle haldningar og verdiar enn bokmålsfolk. Mellom anna er dei meir opptekne av personleg

prega språkbruk og mindre av at språk-  
et skal vere fullt standardisert og homo-  
gent. Valfridomen i rettskrivinga er  
såleis i samsvar med ein slik nynorsk-  
ideologi; valfridomen er viktig ideolo-  
gisk og symbolsk – sjølv om han ikkje  
blir utnytta så mykje som den vide  
rettskrivinga gjev høve til.

### Litteraturliste

Berg, Celia M. 1999:

«La oss skrive slik det er naturlig og behagelig.»  
*Om kjennskap og haldningar til den heterogene  
skriftnorma hos nokre avgangselevlar i vidare-  
gåande skule.* Upublisert hovudoppgåve,  
Universitetet i Bergen.

*Framlegg til skrivereglar for landsmaale  
i skularne, tillegg til Universitets- og skule-  
annalar 1899.*

Hoel, Trude 1995:

*Rettskrivingsnormaler – til hjelp eller til besvær?  
En vurdering av «vide» og «snevre» rettskri-  
vingssystem i skandinaviske språk.*  
Upublisert hovudoppgåve, Universitetet i  
Oslo/Høgskolen i Agder.

Holm, Anne Brit 1999:

*Stebarnet nynorsk. Om holdningar til nynorsk i  
Larviksskolen.*  
Upublisert hovudoppgåve, Universitetet i  
Oslo.

Kulbrandstad, Lars Anders 1996:

*Språknormering og pedagogikk. Valgfrihet i  
rettskrivinga – til hjelp eller forvirring.*  
*I Språknormering og språkbrukar. Artiklar frå  
seminar ved universitetet i Bergen,* red. Helge  
Omdal, 101–116. Kristiansand: Avdeling for  
humanistiske fag, Høgskolen i Agder.

Mosling, Atle 1998:

*Språknormering i sakprosaen.*  
Upublisert hovudoppgåve, Universitetet i  
Oslo.

Roksvold, Thore 1999:

*Fast språknorm eller valgfrihet i  
redaksjonen?*  
I Helge Omdal (red.), 197–208.

Rødningen, Dagfinn 1999:

*Ottadalen – ein utforbakke til bokmålet.*  
*Språkproblem og språkskifte blant ungdom i  
Lom, Skjåk og Vågå.*  
*I Austlandsmål i endring,* red. T. Kleiva et al.,  
246–258.

Rødningen, Dagfinn 2000:

*Nærskylde skriftspråk i kontakt.*  
*Interferensproblem og normering i norsk, sett  
i lys av ei undersøking om språkskifte i  
Ottadalen.*  
*I Maal og Minne,* hefte 1, 2000: 65–84.

Selback, Bente 2001:

«Det er heilt naturleg».  
*Ei gransking av skriftspråkskiftningar.*  
Upublisert hovudoppgåve, Universitetet i  
Bergen.

Vikør, Lars S. 1995:

*Rettskriving hos nynorskforfattarar.* Norsk  
språkråds skrifter nr. 3.  
Oslo: Norsk språkråd.

Vollan, Magnhild 1997:

*Norsk språkråd og skoleverket.*  
*Norsk læraren 2/1997:* 31–33.

Wetås, Åse 2001a:

*Undersøking av formbruken i ulike typar  
publisert materiale på nynorsk (upublisert).*

Wetås, Åse 2001b:

*Undersøking av formbruken i ulike typar  
upublisert materiale på nynorsk (upublisert).*

Wetås, Åse 2001c:

*Undersøking av rettepraksisen i skolen,  
i avisene og i forlaga (upublisert).*

Wetås, Åse 2001d:  
*Korleis opplever brukarane normsituasjonen i nynorsk?* (upublisert).

Årtun, Tone Alise 1984:  
Skriftmålet i Sauda:  
med størst vekt på skulemålet.  
Hovudoppgåve, Universitetet i Bergen.

---

## På godt norsk

@ **at** (uttalt «ætt» etter engelsk)– hos, krøll-  
alfa (i e-postadresser)  
**access** – tilgang  
**access code** – tilgangskode  
**account manager** – kundeleiar/kunde-  
leder, kundekontakt  
**aircondition(ing)** – klimaanlegg, luft-  
kondisjonering  
**allround-** – altmogleg-/ altmulig-, allsidig  
**allrounder** – allsidig person, altmogleg-  
person/ altmuligperson  
**art director (AD)** – kunstnarleg  
leiar/kunstnerisk leder (teater m.m.);  
grafisk formgjevar/formgiver (reklame);  
reklamesjef  
**att:** (av eng. «attention») – ved, v/  
(ev. skriv ein berre namnet på ny linje)  
**attache** – leggje/legge ved, sende med  
**attachment** – vedlegg  
**audition** – prøvespel/prøvespill, rolle-  
prøve, opptaksprøve  
**babyboom** – babybølge/babybølge,  
fødselsbølge/fødselsbølge  
**backing** – støtte, hjelp, oppfølging  
(allment); komp, akkompagnement,  
støtte (musikk); jf. oppbacking, backup  
**backlash** – tilbakeslag, motreaksjon  
**backpacker** – ryggsekkтури  
**backslash (\)** – omvendt skråstrek,  
bakoverskråstrek, baklut, jf. slash  
**backstage** – bak scenen, bak senen, bak-  
scenes, baksenes  
**backup** – tryggingsskopi / reservekopi,  
sikkerhetskopi (IKT); støtte, oppfølging  
(allment); jf. backing  
**booke (inn)** – bestille, tinge; reservere;  
skrive seg inn  
**booking** – bestilling, tinging; reservasjon  
**boom** – høgkonjunktur/høykonjunktur  
(økonomisk); oppgang, oppsving  
(allment); i sms. gjerne -bølge/-bølge,  
jf. babyboom

**brainstorming** – idédugnad, idémyldring  
**branding** – merkevarerbygging  
**button** – (jakke)merke (allment); knapp  
(IKT)  
**calling** – dørteltelefon  
**call center (call centre)** – kundesenter,  
kundeteltelefon, ringesenter/ringesenter  
**carport** – open garasje / åpen garasje, bilbås  
**catering** – matlevering; selskapsmat  
**chip** – (data)brikke, integrert krins / integ-  
rert krets  
**coach** – trenar/trener, leiar/leder, råd-  
gjevar/rådgiver, kusk  
**coache** – trene, rettleie/veilede  
**common sense** – sunn fornuft, vanleg  
folkevett / vanlig folkevett  
**competitive edge** – konkurransefordel,  
konkurranseforsprang  
**compliance** – medvilje,  
medvillighet/medvillighet, etter-  
leving/etterlevelse (medisinsk, psyko-  
logisk)  
**content management** – innhaldsstyring/  
innholdsstyring  
**controller** – rekneskapsleiar/regnskaps-  
leder, økonomioppføljar/økonomi-  
oppfølger  
**copyright** – opphavsrett  
**cover charge** – inngangspengar/inngangs-  
pengar, kuvertavgift, entré  
**cross media publishing** – tverrpublisering  
**cyber-** – kyber- (brukt om datamaskiner og  
Internett-universet)  
**oppbacking** – oppbaking, jf. backing  
(allment, musikk)  
**slash (/)** – skråstrek, framlut

Du finn fleire ord på nettsidene våre:  
<http://www.sprakrad.no/paanorsk.htm>  
Sjå også adressa  
<http://www.sprakrad.no/ordsmia.htm>

# Kjelda som aldri tryt – tankar om betre bibelspråk

---

JOSTEIN STOKKELAND

---

**F**RÅ RUNDT ÅR 2000 har Det Norske Bibelselskap eit arbeid i gang med å revidera 1978-omsetjingane av Bibelen på bokmål og nynorsk med utgangspunkt i grunnteksten. Føremålet med revisjonen er mellom anna å sjå på kva former, ord og ordlag som i dag er mindre kjende og mindre brukte enn dei var for ein generasjon sidan, og justera språket etter det. Eg er konsulent for nynorsk i omsetjingsutvalet til Bibelselskapet, som er fagleg ansvarleg for revisjonsarbeidet.

## 1978 – ei stor omlegging

Dei nyaste omsetjingane av Bibelen frå Det Norske Bibelselskap (den tradisjonelle norske kyrkjebibelen) kom altså i 1978. Sidan er det kome to andre omsetjingar: *Bibelen. Den Hellige Skrift* (bokmål 1988 og nynorsk 1994) frå Norsk Bibel A/S og *Bibelen Guds Ord* (bokmål 1997) frå Bibelforlaget.

1978-omsetjingane frå Bibelselskapet var Guds ord på moderat bokmål og på nynorsk stort sett innanfor læreboknormalen, dvs. hovudformene i rettskrivinga. Ikkje alle var viljuge til å godta Guds ord på slikt moderne språk då omsetjingane kom. Dei kjende på at det høgtidsame og fine vart borte. Naboen min er eit døme på det. Ho vil helst ha Fadervår og andre kjende tekstar slik som dei var før,

ikkje minst «helliget vorde ditt navn». Eg veit ikkje om ho også ynskjer seg *fårene* tilbake frå den bibelomsetjinga ho voks opp med i 1950-åra, men mange opplevde det som eit stilbrot då *sauene* kom i staden for *fårene* på bokmål i 1978. Nynorskfolket miste samstundes i-målet i bibelteksten. Somme sukka letta, andre gret sine tårer over det. Eg har valt ut ein tekst som syner nokre av endringane.

## Samanlikningar

1904 bokmål:

«Sandelig, sandelig siger jeg eder: Den som ikke gaar ind i Faarestien gennem Døren, men stiger over andensteds, han er en Tyv og en Røver; men den som gaar ind gennem Døren, han er Faarenes Hyrde.»

1930 bokmål:

«Sannelig, sannelig sier jeg eder: Den som ikke går inn i fårestien gjennom døren, men stiger over annensteds, han er en tyv og en røver; men den som går inn gjennom døren, han er fårenes hyrde.»

1978 bokmål:

«Sannelig, sannelig, jeg sier dere: Den som ikke går inn til sauene gjennom døren, men klyver over et

annet sted, han er en tyv og en røver. Men den som kommer inn gjennom døren, er hyrde for sauene.»

1921 nynorsk:

«Det segjer eg dykk for visst og sant: Den som ikkje gjeng inn i sauekvii gjennom døri, men stig yver ein annan stad, han er ein tjuv og ein røvar; men den som gjeng inn gjennom døri, er hyrding aat sauerne.»

1938 nynorsk:

«Det segjer eg dykk for visst og sant: Den som ikkje gjeng inn i sauekvii gjennom døri, men stig yver ein annan stad, han er ein tjuv og ein røvar; men den som gjeng inn gjennom døri, er hyrding åt sauene.»

1978 nynorsk:

«Sanneleg, sanneleg, det seier eg dykk: Den som ikkje går inn til sauene gjennom døra, men kliv over ein annan stad, han er ein tjuv og ein røvar. Men den som går inn gjennom døra, er hyrding for sauene.»

*Johannesevangeliet kapittel 10, vers 1–2*

### **Alltid betre før?**

Frå reformasjonen på 1500-talet til 1814 hadde me dansk bibel. Den fyrste sjølvstendige bibelomsetjinga her i landet (dansk-norsk) var ikkje ferdig før i 1904. Nynorskbibelen fekk me så seint som i 1921. Bokmålsbibelen kom så i revidert utgåve i 1930 og nynorskbibelen i 1938. Desse to, 1930 og 1938, reknar mange for å vera dei beste omsetjingane. Der er bokmålet høgtidssamt og fint slik bibelspråket helst skal

vera, meiner dei, og nynorsken har funne ei avklåra klassisk form («Indrebø-bibelen», etter biskop Ragnvald Indrebø).

Men var bibelspråket alltid betre før, og talar Gud gammaldags? Eg og andre er stundom freista til å meina det; me likar ikkje å sjå noko anna enn det me er vane med. Då treng me å samanlikna litt:

«Dette sier jeg da og vidner i Herren at I ikke lenger skal vandre som hedningene vandrer i sitt sinns tomhet, formørket i sin tanke, fremmedgjort for Guds liv ved den vankundighet som er i dem på grunn av deres hjertes forherdelse, de som følelsesløse har overgitt sig til skamløshet, så de driver all urenhetslikemed havepsyke.» (1930 bokmål)

«Dette segjer eg då og vitnar i Herren at de ikkje lenger må ferdast som heidningane ferdast i sin hugs fåfengd, formyrkte i sin tanke, framande vortne for Guds liv ved den vankunna som er i dei for deira forherde hjarta skuld, med di dei hev vorte tykkjelause og hev gjeve seg i ulivnad, so dei driv med all urein-skap saman med havepsykja.» (1938 nynorsk)

*Efesarbrevet 4,17–19*

Slik tekst er vanskeleg for dei fleste i dag. 1978-teksten frå Bibelselskapet er meir lesarvenleg:

«Så ber jeg dere inntrengende i Herrens navn: Lev ikke lenger slik som

hedningene. Deres tanker er tomhet, deres forstand formørket, og de er fremmede for livet i Gud. For deres hjerter er blitt forherdet, så de ikke kjenner ham. Avstumpet er de blitt, de har kastet seg ut i utsvevelser, gir seg hen til all slags umoral og jager etter penger.» (1978 bokmål)

«Så bed eg dykk inntrengjande i Herrens namn: Lev ikkje lenger som heidningane! Tankane deira er tome, vitet deira formørkt, og dei er framande for livet i Gud. For hjarto deira har vorte forherda, så dei ikkje kjenner han. Dei er utan skamkjensle og har kasta seg ut i sedløyse, dei lever i allslags umoral og jager etter pengar.» (1978 nynorsk)

Denne nyaste omsetjinga er mindre ordrett enn dei tidlegare. Ho byggjer på eit anna prinsipp: at det er avgjerande viktig at meininga kjem godt fram. Difor er teksten broten meir opp enn tidlegare, og setningane forma slik som det er i vanleg norsk i dag. Då risikerer ein til dømes å leggja for stor vekt på noko og for lite på noko anna, å tolka meir enn godt er. Det er ein fare som ligg i all omsetjing.

### **Talar Gud høgtidsmål?**

Det ligg visst djupt i oss at det som har med Gud å gjera, skal vera høgtideleg og annleis enn det nære og kvardagslege. Bibelen har alvorlege tekstar om dei store samanhengane i livet og vedunderlege poetiske innslag som avgjort høyrer til det me kallar høgprosa. Men store delar, ikkje minst i Nytestamentet, er enkel kvardagspro-

sa utan nokon særskild høgtidsdåm. Både det høgtidelege og det kvardagslege må koma fram i den norske omsetjinga – slik det skal vera i all god omsetjing.

Bibelen er endefram i sin omtale av det kroppslege hjå mennesket. Det tykkjer eg særleg kjem fram i hebraisk, og eg er glad for at Bibelselskapet i revisjonsarbeidet har sett seg som mål å spegla meir av den semittiske biletb Bruken. Kanskje skulle ein vera endå djervare og til dømes skriva *kropp* i staden for *lekam*. I ei svensk bibelomsetjing eg nyttar (Hedegård), står det *kropp*, og då kjem innhaldet i teksten meg meir inn på livet.

### **Korleis arbeidet er lagt opp**

Det Norske Bibelselskap har lang tradisjon for samvitsfullt og godt organisert arbeid med bibelomsetjing. Dei har omsetjarar for bokmål og nynorsk som arbeider i samråd med språkkonsulentar og teologiske konsulentar. Når ein bolk er omsett, vert tekstutkastet sendt til ei kyrkjeleg referansegruppe, dvs. framståande målmenn for Den norske kyrkja og andre norske kyrkjesamfunn. Desse gruppemedlemene sender inn merknader og framlegg, og så har Bibelselskapet eit omsetjingsutval med teologar, pedagogar og språkfolk som tek avgjerd i tvilsspørsmål og korrigerer teksten noko. Frå omsetjingsutvalet går ein førebels tekst til styret i Bibelselskapet. Når styret har sagt sitt, kan det sendast ut ein prøvetekst så fleire får seia si meining. Etter at kommentarar frå mange kantar er komne inn, vert omsetjinga gjort ferdig og endeleg godkjend.

### Nynorsken best og verst?

1978-omsetjinga var noko ordrik og omskrivande. I revisjonsutkasta for nynorsk ser eg no at stilen er knappa-re, og det fell godt saman med den folkelege greske teksten. Eg kan ikkje koma med døme, for teksten er ikkje ferdig enno. Men eg nikkar nøgd somme stader og tenkjer at dette er hoggande godt. Då er Bibelselskapet kanskje ved målet for revisjonen: ein brukande bibel for dei som veks opp i det nye tusenåret. Og eg vonar sjølv sagt at nynorsken kjem best frå det.

Men me nynorskingane har eit problem som bokmålingane slepp. Bokmålet har ein sterk tradisjon, og det er særst tydeleg i bibelspråkssamanheng. Nynorsken har ein veikare tradisjon, og når eg som kjenner nynorsktradisjonen godt, vil halda på det innarbeidde, kjem eg til ein motstandsmur som eg ikkje kan gjera så mykje med. Eg leikar

innpå dette problemet i overskrifta til denne artikkelen med ordet *tryta*.

Nynorsklesarane er jamt over delte i to flokkar: Det er ein liten flokk som ynskjer å ta vare på den norske ordarven, og som difor tykkjer verbet *tryta* er fint og godt og rette ordet på sin plass. Og så er det den store flokken som ikkje ynskjer og ikkje toler eitt einaste slikt «vanskeleg» ord. Då spør eg meg om nynorsken skal vera ord- og uttrykksfattig og leggja av seg sin glitrande ordskatt.

I dette spenningsfeltet er det ikkje heilt godt å vera. Så får me sjå, då, korleis Jesaja 24,19 ser ut i den nye nynorskbibelen i 2010 eller kanskje noko før det. Slik vil eg helst ha det:

*Jorda brest og knest,  
jorda ragar og svagar,  
jorda skjek og skjelv.*  
(1978)

---

## Foreslår norsk språkbank innan 2007

Ei arbeidsgruppe oppnemnd av Kultur- og kyrkjedepartementet gjer framlegg om at det blir skipa ein norsk språkbank innan 2007. Språkbanken skal vere ei samling med skrift- og taledata som kan nyttast i utviklinga av språkteknologi og i forskning. Språkteknologi er modular i data-program og tekniske innretningar som behandlar naturleg språk, t.d.

automatisk omsetjing, talemålestil, kunstig tale og informasjonssøking. Språkbanken er kostnadsrekna til 100 mill. kr. Norsk språkråd har administrert utgreiingsarbeidet, som har vore leidd av professorane Torbjørn Svendsen og Torbjørn Nordgård ved NTNU. Utgreiinga kan ein lese her: [www.sprakrad.no/sbank2.htm](http://www.sprakrad.no/sbank2.htm)

# Frå *polis* til *pilis* – om namn på byar

---

SVEIN NESTOR

---

DEI GAMLE GREKARANE hadde to ord for by: *ásty* og *pólis*. Med *ásty* meinte dei ofte *Aten*, som jo var sjølvaste *byen*. Dei kunne også tala om *tò ásty tês póleos* (*póleos* er genitiv eintal av *pólis*), og det tydde 'den øvste, den opphavlege delen av ein by'. Men kvifor hadde grekarane ei nemning for den øvste delen av ein by? Jo, av di byar ofte er bygde rundt borger, og borger plar liggja høgt i terrenget, jamfør norsk *høgborg*. Vårt ord *borg* er jo skyldt med *berg*, og båe orda peikar ut noko som stig opp over terrenget. Det vanlege norrøne ordet for by var nettopp *borg*, jamfør t.d. *Sarpsborg*, *Rómborg* og *Kantaraborg* (Canterbury). Og kven bur i borger? Jo, *borgarar*. Den øvste delen av den mest kjende byen i Hellas heiter jo *Akrópolis*, og den ligg høgt. *Akrópolis* er samansett av *ákros*, som tyder 'det øvste', og *pólis*, altså til saman 'bytoppen'. Det var ikkje berre *Aten* som hadde ein slik høgtliggjande bydel, for *Akrokórinthos*, eigenleg 'Korinttoppen', tyder 'borga i Korint'. I Praha er det ein bydel som heiter *Vyšehrad*, og det namnet tyder nett det same som *akrópolis*.

Likevel enda ikkje eit einaste bynamn i Hellas på *-asty*. Men det er kan henda ikkje underlegare enn at norsk har ordet *by*, som opphavleg tydde 'gard', men ikkje eit einaste

bynamn som endar på *-by*. *Pólis* var eit mykje vanlegare ord enn *ásty*, men *ásty* finst framleis i gresk. Det finst ikkje som lærd lånord frå gammalgresk i andre mål. Motsett er det med *pólis*, for det ligg attom moderne ord som *politikk*, *politi*, *metropol*, *metropolit*, *metro*, *kosmopolitt*.

Usamansett kunne *Pólis* òg beint fram vera ei nemning på *Aten*. Stundom kunne det tyda 'den byen som ligg nærmast der ein bur'. Det er årsaka til at det i Lokris i Hellas fanst ein by som heitte berre *Pólis*. Jamfør at folk t.d. på Jæren spontant seier «Eg skal til byen», og ikkje «Eg skal til Stavanger», når det er dit dei skal.

Bynamn som enda på *-pólis*, var sjeldsynte i sjølve Hellas i gamletida. I våre dagar finst det berre nokre få av dei der, langt aust i landet: *Aleksandroupolis* (Aleksanderbyen) og *Khryso-polis* (Gullbyen). Byane er småe og har nok aldri vore store, og namna ser nye ut. Sør om *Aten* finst no berre tre småbyar med slike namn. Ein av dei er *Megalópolis* (Storbyen), og etter måten stor må han nok ha vori i si tid. Den andre heiter *Trípolis* (Tri-byen) og den tredje *Neápolis* (Nybyen). På dei greske øyane finst i dag berre *Neápolis*, som ligg mellom Heraklion og Hagios Nikolaos på Kreta, og ein liten by som heiter berre *Pólis*, på nordkysten av

Kypros. At polis-bynamna mesta ikkje fanst i det opphavlege Grekenland, er truleg eit teikn på at denne namnetypen ikkje er mellom dei eldste.

### Kvar låg *Metrópolis*?

*Metrópolis* var – og er – namn på greske byar, men mange er dei ikkje. Éin låg i landskapet Akarnania vest i Hellas, og ein annan ligg midt på Kreta. Men det var mange greske byar som kunne kallast ein *metropolis*, for beinveges omsett tyder ordet 'morby', og dei var fastlandsgreske byar som i tida 800–500 f.Kr. sende ut kolonistar som skulle grunnleggja nye byar utanfor heimlandet. Få av dei nye byane i denne perioden fekk polis-namn, nemleg *Afrodítópolis* og *Antípolis*, i Sør-Frankrike og *Neápolis* (Nybyen) i Italia. Den første byen er borte, og namnet med, men det andre lever vidare som *Antibes*! På italiensk og gresk heiter det *Antipoli*. Det tredje namnet er *Neapel* på dansk og tysk, *Naples* på engelsk og fransk, *Napoli* på italiensk og norsk.

Ein metropolis var sjølvsagt større enn den nye byen utvandrarane grunnla, og difor kunne *metrópolis* også tyda både 'hovudstad' og 'storby'. Det tyder vårt ord *metropol* også. I ein metropol kan det bu ein *metropolitt*, ein erkebiskop i den katolske eller den ortodokse kyrkja. Ein fransk avleggjar av *metropol* er *chemin de fer métropolitain*, som tyder 'storby-sk jernbane'. Nemninga var sjølvsagt for lang og vart avstytt til berre adjektivet *métropolitain* 'storbyisk', som fungerte som eit substantiv. Men heller ikkje *det* var stutt nok, for det enda med *métro*, som norske ordbøker skriv

*metro* og omset med 'undergrunnsbane (særleg i Paris)'. 'Verda' heitte *kósmos*, og ein *kosmopolitt* er ein verdsborgar. Eigenleg tyder *polítes* 'ein som bur i ein by', så beinveges omsett tyder *kosmopolitt* 'verds-byborgar', ei ikkje særleg logisk nemning.

### *Dióspolis* og *Krokodilópolis*

Etter at Aleksander den store hærtok Egypt i 332 f.Kr., fekk mange av byane der greske namn. Hovudmengda av dei er nett polis-namn, så no var slike namnelagingar komne på moten, noko dei ikkje hadde vori i Heime-Hellas. Eit anna særmerke med polis-namna i Egypt er at førstelekken så å seia utan unntak er av to typar:

*Type 1* Namn på greske (altså ikkje egyptiske) a) gudar: *Dióspolis* (*Dios* er faktisk genitiv av *Zeus*), *Appolinópolis*, *Heliópolis*, *Hermópolis*, *Panópolis* b) heltar: *Antinoópolis*, *Herakleópolis* c) gudinner: *Afrodítópolis*, *Eileithyáspolis*, *Letópolis*

*Type 2* Greske dyrenemningar: *Krokodilópolis*, *Kynópolis*, *Leontópolis*, *Lykópolis* (etter dei greske orda for *krokodille*, *hund*, *løve* og *ulv*). Bynamn som inneheld dyrenamn, er ugresk, så namna kjem truleg av at desse dyra var heilage hjå egyptarane. Far etter desse polis-namna finn me ikkje meir.

### Konstantinopel og Kristianopel

Romarane tok i bruk polis-namn der namnet til keisaren var førstelekken, t.d. *Adrianópolis* (Hadrians by). Folk brukte nok ofte stuttforma *Adrianos*, for i dag heiter byen, som ligg i Tyrkia, nær grensa til Hellas, *Edirne* på tyrkisk og *Odrin* på bulgarsk. Konstantin den store gav i 330 etter Kr. den gamle

metropolen Byzantion ved Bosporos namnet *Konstantinópolis* etter seg sjølv. Seinare skulle det verta mange fleire namn av denne typen.

Da Peter den store grunnla St. Petersburg i 1703, var bynamn med *tysk* utsjånad komne på moten i Russland. Andre døme er *Jekaterinburg* (etter Katarina 1., kona hans) og *Orenburg*. Namn etter Katarina den store (1729–1796) fekk desse byane: *Jekaterinenstadt* (tysk), *Jekaterinodar* (russisk), *Jekaterinograd* (russisk) og *Jekaterinopol* (gresk). Alle forsvann etter den russiske revolusjonen i 1917. Det siste namnet syner at greske polis-namn var komne på moten i Russland på slutten 1700-talet.

På Krim hadde det vori mange byar med greske namn heilt sidan 800-tallet f.Kr., men ingen av dei hadde polis-namn. I dag er det fleire polis-ar på nordom og austom Krim. Ein av dei er *Nikopol*, som tyder 'sigerstaden'. Å kalla byar *Nikópolis* var ein tradisjon frå antikken, og det var iallfall tre av dei: *Nicópolis in Cappadocia*, *Nicópolis in Epiro* og *Nicópolis ad Istrum*. Men *Nikopol* nordom Krim heng nok saman med russisk siger over tyrkarane på 1700-talet, og polis-namna er vitnemål om den russiske framrykkinga sør-etter. *Sevastópol* på Krim er grunnlagd i 1783 og *Tiraspol* i Ukraina i 1795. *Tiras* kjem av *Tyras*, det gammalgreske namnet på elva *Dnjepr*. *Melitópol* er nok eit skrytenamn, for det tyder 'Honningbyen', medan *Sevastópol* tyder 'den ærverdige byen'. Namnet *Stávropol* (Krossbyen) ligg det religion og politikk i, og det var to av dei i det gamle Russland. Den første, som vart grunnlagd i 1738, heitte *Stávropol* til 1964, da han fekk

namnet *Togliatti* etter ein italiensk kommunistleiar. Den som vart grunnlagd som ein festningsby nordom Kaukasus i 1777, har framleis det gamle namnet. Like nordom grensa mellom Armenia, som russarane erobra i 1821, og Tyrkia grunnla russarane i 1834 byen *Aleksandrópol*, oppkalla etter den russiske tsaren Aleksander 1. Sør i Litauen, som også høyrde til det russiske riket, ligg byen *Marijampole* (Mariabyen).

Ikkje mange veit at det finst eit namn av Konstantinopolis-typen i Norden òg. Opphavsmannen er Kristian 4., som fastsette namna *Christiansand* (1641), *Christiania* (1624), *Christianshavn* (no i København, 1618), *Christianstad* i Skåne (1614) og *Christianopel* i Blekinge (1600). I si tid var *Kristianopel*, som ein skriv det nå, ein viktig grenseby, no er det berre ein liten flekk på kysten, nokre mil nordaust om Karlskrona. Desse områda høyrde på den tida framleis til Danmark.

### Konstantinópolis og Istanbul

*Konstantinópolis* var for langt eit namn, så folk sa berre *Pólis* i staden. «Til byen», som dei må ha sagt ofte, heiter *is ten pólin* på gresk, og *polin* er akkusativ av *pólis*. Byen vart erobra av tyrkarane i 1543, og i deira øyro sa grekarane *Is tan bul*, som no er namnet på byen.

I den europeiske delen av Tyrkia ligg *Geli-bolu*, som på gresk heitte *Kallipolis* (den fagre byen), og på den italienske «hælen» ligg *Callipoli*. Leiter me langs kysten av Svartehavet og Middelhavet etter namn som endar på *-bolu* eller noko liknande, finn me *Tirebolu* vest for Trapezunt, som kjem av *Tripolis*. *Tripoli* er namn på ein by i

Libanon og ein i Libya. Dei arabiske namneformene er *Tarabulus*. Tykkjest det kjent? Jau, *-bulus* finst jo i *Nabulus*, som ein òg skriv *Nablus*, på vestbreidda av Jordanelva. Romarane grunnla byen i 72 e.Kr., og det greske namnet som ligg attom, har me nemnt fleire gonger, nemleg *Nea-polis* (Nybyen). Da arabarane hertok han i 636, vart namnet *Nabulus/Nablus*. *Nablus* og *Napoli* er altså opphavleg det same greske namnet!

Men polis-namna gjekk langt vidare enn dette. Grekarane kalla hovudstaden i persarriket *Persépolis*, og Aleksander den store kalla ein by som truleg låg i det noverande Usbekistan, *Kyrópolis* etter persarkongen Kyros, som han hadde vunni over. I nyare tid har dei komi seg over til Amerika, der det finst ein liten by som heiter *Tripoli*, og store byar som *Minneapolis* (1855), *Indianapolis* (1821) og *Annapolis*. Den

siste fekk namn etter dronning Anne av England i 1708.

### Meir enn éin pils

I dei baltiske måla litauisk og latvisk finn ein etymologiske motsykke til det greske ordet *pólis*. Det ordet som kjem nærmast det greske, er litauisk *pilis*. Det tyder ikkje 'by', men 'borg'. Det litauiske ordet for 'by', *miestas*, har litauarane lånt frå polsk *miasto*. Samanhengen mellom by og borg har me tala om før. Men det finst ikkje nokon by i Litauen som endar på *-pilis*. Går me nordetter og inn i Latvia, finn me mange byar som endar – ikkje på *pilis*, men på *pils*, som er det latviske ordet for borg: *Daugavpils* (ved elva Daugava), *Ventspils* (ved elva Venta), *Valdemarpils* (Valdemarby/-borg) og *Jekabpils* (Jakobsby/-borg) og *Jaunpils* (Nyby/-borg). Det latviske ordet for by er *pilseta*, og sambandet med *pils* er lett å sjå.

---

## Framgang for nynorsk programvare

Tidleg i november kunngjorde Microsoft at neste versjon av Office-pakken kjem på nynorsk i 2003. Omsetjinga skal gjerast i samarbeid med firmaet Nynodata. Tidlegare i år tok arbeidet til med å omsetje gratisprogramma i OpenOffice til bokmål og nynorsk. Skulelinux, som omfattar kontorstøtteprogram og pedagogiske program på bokmål og nynorsk (og etter kvart også nordsamisk), er kome langt i sitt arbeid. Med andre ord kan ein om ikkje så lenge ha tre pakkar med

nynorske kontorstøtteprogram å velje mellom.

I 2000 skreiv 110 ordførarar og over 400 rektorar under eit opprop der dei bad regjeringa syte for at nynorskbrukarar så snart som råd får tilgang på nynorskversjonar av vanleg programvare til same pris som bokmålsversjonen.

Meir om nynorsk programvare finn ein her: [www.sprakrad.no/nynorskprogram.htm](http://www.sprakrad.no/nynorskprogram.htm)

# Omdanning av Norsk språkråd

I St.meld. nr. 9 (2001–2002) Målbruk i offentlig teneste gjorde Kulturdepartementet kort rede for planene om omlegging av Norsk språkråd til et mer utadrettet kompetanseorgan for norsk språk. I budsjettproposisjonen for 2002–2003 varsler departementet at utrednings- og omdanningsprosessen vil ta til i 2003.

Departementet skriver blant annet:

«Den omlegging som skal skje, må ha som utgangspunkt at det er tale om å etablere en ny institusjon i stedet for Norsk språkråd. De fremste språkpolitiske utfordringene dreier seg ikke lenger om de tradisjonelle rettskrivnings- og normeringsspørsmålene, men mer om nødvendige tiltak for språkvern og språkstyrking, herunder å sikre norsk språks status og bruk på ulike samfunns-

områder, språklig rådgivning, informasjon og opplysning, utvikling av norsk fagterminologi, spørsmålet om en norsk språkbank, språk og teknologi, tilsyn med den offentlige språkbruk og analyse og evaluering som grunnlag for utvikling og løpende tilpasning av formålstjenlige tiltak.

Et rådsorgan av Norsk språkråds type er ikke nødvendigvis den mest tjenlige modell for organisering og forankring av den nye institusjonen. En hovedoppgave i den videre prosessen vil derfor være å vurdere alternative organisasjonsmodeller. Det andre hovedspørsmålet blir å gå nærmere igjennom oppgaveporteføljen for den nye institusjonen. Departementet vil komme tilbake til saken i forbindelse med budsjettforslaget for 2004.»

---

## Rosings språkpris

Rosingakademiet, Den Norske Dataforening og Norsk språkråd har i fellesskap opprettet en språkpris som har fått navnet Rosings språkpris etter Norges første datagründer, Fredrik Rosing Bull. Prisen skal oppmuntre til og gi honnør for bruken av godt norsk språk i IKT-sammenheng. Språkrådet ser prisen som et ledd i språkstyrkingsarbeidet og i arbeidet med å demme opp for bruken

av engelske ord og uttrykk innenfor dette området. Språkprisen skal deles ut en gang i året til personer, bedrifter eller produkter som bruker norsk språk, bokmål og nynorsk, i IKT-sammenheng på en bevisst og god måte.

Mer informasjon om Rosings språkpris kan du finne på <http://www.rosing.net/spraakpris/>

**nyordspalten**

Når et ord er ført opp i denne spalten, betyr det bare at vi har registrert det. Det betyr ikke at Norsk språkråd går god for ordet. Dersom vi tilrår eller rår fra å bruke ordet, vil vi neone det uttrykkelig. Nyordspalten redigeres av Svein Nestor.

**singling** Nå har de talt enslige – singlinger – igjen, og visst er det blitt flere av dem.  
Dagbladet 4.5.2002.

**klorinvask** Blant muslimer ender slike konflikter ofte med at du bryter med familien eller blir sendt på 'klorinvask'. Altså bli sendt hjem til Pakistan for å bli avnorsket.  
Abid Q. Raja i intervju med VG 5.5.2002.

**myrmelk** Fyll noen flasker med melk, tilsett litt kulturmelk, la flaskene ligge nedgravd i myr fem-seks år, og du kan skåle i myrmelk.  
Dagbladet 8.5.2002.

**multiekstremспорт** Ekte tøffinger kombinerer basehopping, terrengsykling, dykking, fallskjermhopping, klatring og fjelløping i én og samme konkurranse. Et norsk lag stilte opp i verdens første mesterskap i multiekstremспорт – og vant overlegent.  
Dagbladet 14.5.2002.

**Islamistan** Gavene vi hadde med oss, bibler for både store og små, ble mottatt med stor glede. I Islamistan er det en ekstremt stor hunger etter Guds ord.  
Åpne Dører, nr. 5 mai 2002.  
– Islamistan er et deknnavn for et eller flere muslimske land som brukes for å beskytte dem som driver bibelsmugling eller misjonsarbeid der.

**lobbykrati** Den korporativisme som utviklet seg i etterkrigstida, der de tunge organi-

sasjonene så å si satt ved kongens rådsbord gjennom faste utvalg og råd, er blitt erstattet av et lobbykrati der prosessene er mindre synlige.

Journalist Gudleiv Forr  
i Dagbladet 15.5.2002.

**hønefar** Han er sterkt bekymret for sine døtres ve og vel. Han ringer dem ofte – og blander seg kjærlig inn i livene deres. Svensk forskning har oppdaget et nytt fenomen: Hønefaren.

Dagsavisen 1.6.2002.

– Parallelldannelse til hønemor.

**pompøseri** OK, da har vi slått fast at "Ja, vi elsker" ikke er preget av pompøseri.  
Dagbladet 16.5.2002.


**storfamiliepraktisk** [...] har ulike interiør-løsninger, men begge rommer sju personer og er storfamiliepraktiske.  
Dagsavisen 30.5.2002.

**røkkerik** Drømmebiler for røkkerike.  
NAFs medlemsblad Motor nr. 5/2002.  
– Adjektivet røkkerik betegner personer som er rike nok til å betale opptil 15 millioner kroner for en bil. Førsteleddet i adjektivet er etternavnet til finansmannen Kjell Inge Røkke.

**hjulkjepp** Organisasjonene er heller ikke den hjulkjepp som mange tror.  
Statsråd Victor D. Norman i Dagens Næringsliv 22/23.6.2002.  
– Dannet etter uttrykket 'stikke kjepper i hjulene for noen'.

**SMS-e, SMS-er** SMS'er dobbelt så mye som gutta. Jeg er så redd for å gå glipp av noe. Mona Eriksen, SMS'er.

Aftenpostens aftenummer 2.7.2002.  
– Å SMS'e betyr 'å sende tekstmelding', og en SMS'er er en person som sender slike meldinger. Norsk språkråd har motatt et forslag om å skrive verbet å smesse. Det tilsvarende substantivet ville da bli en smesser.



*Redaksjonen tar gjerne mot brev fra leserne. Det kan være kommentarer til artiklene og emner i bladet,*

*interessante ord og uttrykk en har kommet over, nyord, spørsmål eller annet. Adressen er: Språknytt, Norsk språkråd, Postboks 8107 Dep, 0032 OSLO.*

### **De, Dem og Deres**

*Spørsmål:* Er det fortsatt riktig å skrive *De*, *Dem* og *Deres* med stor forbokstav?

*Svar:* Ja, hvis man vil bruke høflighetsformene, er skrivemåten *De*, *Dem*, *Deres* med stor forbokstav nå som før både i brev og andre skriv.

Bruker man de vanlige pronomenformene, skal det derimot være liten forbokstav: *du*, *deg*, *din*, *dere*, *dere*, *deres*.

### **Preposisjonar ved stadnamn**

*Spørsmål:* Finst det hugsereglar for preposisjonar ved stadnamn?

*Svar:* Nokon eigentleg hugseregel har vi ikkje, men det finst visse haldepunkt. Dersom ein held seg til den gruppa av stadnamn som omfattar byar og tettstader, som det oftast er spørsmål etter, har dei fleste slike namn *i* framfor seg. Unntaket er ein del byar og stader særleg inne i landet eller i fjordstrøk, ofte også stasjonsbyar (stoppestader på jernbanen): Lillestrøm, Hamar, Lillehammer, Gjøvik, Kongsberg, Notodden, Vennesla, Voss, Bryne, Levanger, Kirkenes osv.

Det er likevel slik at *i* spreier seg og kjem i bruk også framfor namn av denne

typen, kanskje fordi dei er (eller blir) kommunar eller andre administrative einingar, der det er naturleg å bruke *i*. Derfor er det mykje forvirring i dette spørsmålet, og i praksis må ein ofte seie at både *i* og *på* kan brukast framfor desse namna. Ut frå topografien kan det seiast at det som ligg nede i ein dal eller eit søkk, bør ha *i*, medan det som ligg i flatlandet eller høgt i terrenget, bør ha *på*. Men så enkelt er det ikkje alltid, for mange stadnamn er gamle gardsnamn og kan derfor ha *på* også om vi skulle venta *i*: *på Gjøvik*, *på Lillestrøm*, *på Dal*. Namneelementet er neppe heller noko sikkert kriterium, sjølv om det nok heiter både *på Tynset* og *på Furuset* frå gammalt av. Om staden ligg i innlandet eller ved kysten, er nok eit sikrare haldepunkt.

Også når det gjeld område- og landskapsnamn, er nok *i* det vanlege, med ein del viktige unntak (det heiter *på Toten*, *på Jæren*, *på Møre* osv.). Øyar har oftast *på*.

Sjå elles adressa  
<http://www.sprakrad.no/prepbok.htm>

### **Ennå eller enda?**

*Spørsmål:* Kan man velge om man vil skrive *arbeidet er ikke gjort ennå* eller *arbeidet er ikke gjort enda*?

Hvis begge varianter er tillatt, hvilken er å foretrekke?

*Svar:* Begge deler er korrekt i bokmål. Vi tilrår ikke den ene varianten framfor den andre. Merk at *enda* og *ennå* er likestilt bare som tidsadverb. Som gradsadverb kan du bare bruke *enda* (enda større enn).

I nynorsk er systemet det samme, slik at formene blir *enda/endå* og *enno* som tidsadverb og *enda/endå* som gradsadverb.

## Kontorsjefane i Språkrådet går frå borde

Begge kontorsjefane i Norsk språkråd slutta i stillingane sine tidleg i haust. 27. august vart dei heidra med talar, gåver og eigen song for innsatsen. Kåre Skadberg har vore kontorsjef for nynorsk sidan 1.8.1980, med vel eitt års pause, medan Ståle Løland har vore kontorsjef for bokmål frå 2.5.97, og før det sekretariatsjef i Nordisk språksekretariat i nær 20 år.

Begge kontorsjefane har gjeve uttrykk for at dei ønskjer å ha ein mindre stressande kvardag dei siste yrkesaktive åra, og vil overlata roret til andre. Som Skadberg uttrykte det: «Eg ønskjer å gå frå hovudverk til handverk.» Dei to leiarane, Ola Haugen og Jan Olav Fretland, takka begge kontorsjefane for verdifull innsats gjen-

nom mange år og la mellom anna vekt på det gode samarbeidet som har vore mellom dei to kontorsjefane. Løland og Skadberg takka på si side dei tilsette for trufast og god innsats. Rådgyvar Marit Hovdenak, som er mellombels tilsett som dagleg leiar for heile sekretariatet, takka på vegner av dei tilsette.

Styret i Norsk språkråd har fått lovnad frå statsråd Svarstad Haugland om at me skal få ei ny stilling som direktør frå neste år. Departementet varslar òg eit større arbeid med omorganisering av heile Språkrådet. Så både dei tilsette, råd, styre og fagnemnd går spennande tider i møte.

Jan Olav Fretland

### Trykksaker frå Språkrådet

- ..... eks. Norsk – i nye tusen år? 20 s. Gratis. (Klassesett à 30 eks. Kr 120)
- ..... eks. Kjønn, språk, likestilling. 20 s. Gratis. (Klassesett gratis)
- ..... eks. Lov om målbruk i offentleg teneste. Reglar, praktiske råd, eksempel, hjelpemiddel. Innlegg til tidsplanleggjar / faldar. 10 s. Gratis.
- ..... eks. Å skrive er å omgås andre. Plakat med praktiske skriveråd. Bokmål/nynorsk. Gratis.
- ..... eks. Purisme på norsk? Norsk språkråds skrifter nr. 4. 72 s. Kr 50.
- ..... eks. Ordtilfanget i nynorsk – synsmåtar og røynsler. Norsk språkråds skrifter nr. 5. 114 s. Kr 50.
- ..... eks. Godt språk i lærebøker. Norsk språkråds skrifter nr. 6. 238 s. Kr 225. (Nyttig for alle som skriv norsk.)
- ..... eks. Ordbok for fysikk og kjemi til skolebruk. Norsk språkråds skrifter nr. 7. 154 s. Kr 195.
- ..... eks. Språknytt nr. 1, 1996. Temanummer om Ivar Aasen. Gratis. Klassesett à 30 eks. kr 90)
- ..... eks. Språknytt nr. 1–2, 2001. Temanummer om sidemål. Gratis.

Namn: .....

Adresse: .....

Postnummer og -stad: .....

*Trykksaker som ikkje er gratis, blir sende med faktura.*

## FORFATTERNE

**Anne-Line Graedler** er førsteamanuensis i moderne engelsk språk ved Universitetet i Oslo.

**Kjetil Jensen** er lektor ved Bodin videregående skole.

**Svein Nestor** er rådgiver i Norsk språkråd.

**Helge Sandøy** er professor i nordisk språkvitenskap ved Universitetet i Bergen.

**Ellen Skolseg** holder på med en doktorgradsavhandling i talemålsforskning og sosiolingvistik ved Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap ved Universitetet i Oslo.

**Jostein Stokkeland** er rådgiver i Norsk språkråd.

**Kjell Ivar Vannebo** er professor i nordisk språkvitenskap ved Universitetet i Oslo.

**Lars S. Vikør** er professor i nordisk språkvitenskap ved Universitetet i Oslo.

**Roar Walmsnes** er lektor ved Nes videregående skole.

*Omslagsbilde:*

*Foto: David Trood / BAM / Samfoto*

## INTERNETT

Tekstene i dette nummeret fins også på Internett:  
<http://www.sprakrad.no>

### NORSK SPRÅKRÅD

Postboks 8107 Dep  
0032 OSLO

**Telefon:** 24 14 03 50

**Telefaks:** 24 14 03 51

#### Redaktører:

Helge Sandøy og  
Kjell Ivar Vannebo

#### Redaksjonssekretær:

Åsta Norheim  
E-post: [norheim@sprakrad.no](mailto:norheim@sprakrad.no)

Opplag: 25 500

Fire nummer i året

Redaksjonen avslutta 16.10.2002

**Form:** NIGARD/Bentzen Bakken

**Trykk:** PDC Tangen 2002

Signerte artikler står for  
forfatterens syn.

Redaksjonen forbeholder  
seg rett til å publisere  
innsendte artikler på  
Internett.

ISSN 0333-3825

**B-BLAD**

**Returadresse:  
NORSK SPRÅKRÅD  
Postboks 8107 Dep  
0032 OSLO**

**ISSN 0333-3825**